



## **Merknadsmøte- offentlig ettersyn**

Dato: 24.03.22

Stad: Frekhaug

### Tilstades

Alver kommune: Ingrid Raniseth, Are F. Grande

Framo AS: Richard Sulen, Øystein Haugen

Multiconsult: Solveig Renslo, Christine Nilsen

## **Bakgrunn**

Merknadsmøte etter offentlig ettersyn. Planen var på ettersyn i tidsrommet 20.06.2020 – 11.09.2020. På grunn av avklaringar i høve motsegner til planarbeidet har det ikkje vore avhalde merknadsmøte på eit tidlegare tidspunkt.

## **Kommunens kommentarar til merknadsskjema**

### Merknad 1/2 , Kurt Solberg og Flatøy Bryggjelag

Pkt. 4 Flatøy kai

I kommunedelplan er området avsett til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner. Utanfor areal avsett til industriområde er det regulert eit formålområde for å ivareta ferdsel:

*3.3.1 Ferdsel I ferdselsområde går ferdsel framfor anna bruk av området. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for ferdsel innafor området.*

I reguleringsplan for Flatøy vest er Flatøy kai avsett til hamneområde. Kommuneplan saman med gjeldande reguleringsplan legg til rette for ferdsel til/frå Flatøy kai.

Om ferdselsområde fell inn under plangrensa til Framo, må formålet vidareførast i plankartet. Videre må det takast omsyn til flottsretten til Flatøy kai.

### Merknad 3, Flatøy bygdelag

Pkt. 7b Privat leidning

Merknader om private avløp må følgjast opp.

### Merknad 4, Dag og Åse Sudmann

Pkt. 4 Illustrasjonsplan, illustrasjonar mm bør syne maksimal utnytting av området.

Pkt. 8 Faste installasjonar må regulerast innafor byggegrensa.



Pkt. 12 Evt. punkter i plan som strider med overordna plan (kdp) må kommenterast i eige kapittel i planomtalen.

Pkt. 15 Det er foreslått fleire avbøtande tiltak i KU for naturmangfald som ikkje er følgt opp i planforslaget. Desse skal kommentars i eige kapittel i planomtalen til 2. gong handsaming.

Pkt. 24 Jf. kdp 2.1.3 skal det i næringsområda setjast av areal til vegetasjonsskjerm (buffer) mot tilgrensande område eller område med innsyn til næringsområdet. Internt i næringsområda skal det setjast av ein grønstruktur som viser noko av dei opphavlege terrengformasjonane. Grønstruktur og skjerming mot andre arealføremål skal fastsetjast i reguleringsplan og vere min. 5 % av tomtearealet. Sjå også kommentar i vedlagt saksframlegg til 1 gongs handsaming.

Pkt. 27 Basiskart skal oppdaterast før vedtak av plan.

#### Merknad 7, Nordhordland padleklubb

Vi rår til at ein ser på tilkomstvegen til småbåthamna på nytt og vurderer om det er naudsynt å rive våningshuset. Det skal små justeringar til for å unngå at huset kjem i konflikt med køyrevegen. Vi viser også til uttale frå kulturavdelinga i denne samanheng.

#### Merknad 7, NGIR

Generell merknad. Det må avklarast med NGIR om det vil vere behov for snuhammar i høve henting av avfall når det ikkje lenger er gjennomkøyringsmoglegheit om Hjelten.

### **Anna**

#### Saksframlegg til 1. gongs handsaming

I APM sitt vedtak til utlegging av plan til offentleg ettersyn er det stilt fleire krav til det vidare planarbeidet:

*Som føresetnad for det vidare planarbeidet må det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget bli sett nærare på følgjande forhold ved framlegget:*

- *Vurdering av avbøtande tiltak jf. tilhøyrande konsekvensutgreiing*
- *Trafikkløysing: godkjenning av kryssløysing og avklaring av rekkefølgekrav, tilkomst Oldervika jf. uttale*
- *Gjennomgang og supplering av føresegner i tråd med saksframlegg*
- *Vurdering av ferdsel, grønstruktur, kaianlegg, parkeringskrav jf. kommunedelplanens arealdel*

Meir utfyllande informasjon om kvart av kulepunkta i vedtaket finn dykk i saksframlegget som ligg vedlagt dette referatet.



## Planomtale

Ved revisjon av planomtalen må følgjande vere følgt opp:

- Endringar i planforslaget etter offentleg ettersyn og ny høyring må omtalast i eige kapittel i planskildringa.
- Forhold i strid med kommuneplan må oppsummerast, kommenterast og grunngjevast i eige kapittel i planomtalen.
- Forhold i APM sitt vedtak som ikkje vert tatt til følgje må kommenterast og grunngjevast.

## Støy

Det ligg føre ein oppdatert versjon av rettleiar for støy som vert gjeldande for dette planarbeidet. Føresegner om støy må ma. sikrast ved å vise til riktige tabellar i T-1442 (2021), det er ikkje nok å vise til rettleiaren i føresegnene.

Det er lagt ved eit eksempel der føresegner om støy er utarbeida i tråd med ny rettleiar og vurdert av Statsforvaltaren som tilstrekkeleg.

## VA-rammeplan

Rammeplanen er sendt til VA-avdelinga for kontroll. Multiconsult får tilsendt uttale når den ligg føre.

## Utfylling i sjø

Området ligg under grense for marin leire og det må stilast rekkefølgekrav til grunnundersøking før igangsetting av utfylling i sjø.

Sjå til NVE sin rettleiar (kap. 3.4.3) for forslag til føresegner i detaljreguleringsplan.

## Oppdatering av plankart

Vi har vore i kontakt med geodata-avdelinga, og ein kan oppdatere sosi-formatet utan at formålsnamna treng å endrast.

## **Framdrift**

Revidert planforslag må leggjast ut på ei avgrensa høyring for at motsegner offisielt kan trekkast. Administrasjonen legg planen ut på høyring før den vert tatt opp til 2. gongs handsaming i utval Areal, plan og miljø.